

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Odd Kenneth Mellingen, Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland
Saksbehandlar: Jarlaug Lauritsen, Avdeling for næring og kultur, Sogn og Fjordane
Sak nr.: 2018/15999-6

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		14.02.2019

Delrapport til DPO 3.1 - Tilskotsordningar regionale organisasjonar og institusjonar**1. Samandrag**

Gjennom arbeidet med *DPO 3.1 Kartlegging av kultur og idrettsfeltet*, vart tilskotsforvalting avdekkja som ein kritisk faktor som trøng særskild merksemd. Følgjande vart då sett i bestilling:

På bakgrunn av kartlegginga i DPO 3.1 skal tilskotsordningane på kultur- og idrettsområdet i Vestland fylkeskommune avklaraast:

1. Oversikt:
Oversikt over korleis
 - a. Tilskot til drift av institusjonar og organisasjonar, og
 - b. Prosjektilskot vert gjort i dag i dei to fylkeskommunane (kva ordningar, søking og saksbehandling inkl. avgjerdsprosessar/budsjettvedtak og einskildvedtak).
2. Framtidige tilskotsordningar/samordning
Utarbeide eitt (ev fleire) forslag til korleis dette kan samordnast og gjerast i Vestland fylkeskommune.
3. Retningsliner, søking og saksbehandlarsystem.
 - a. Digital løysing for aktuelle tilskotsordningar (framgangsmåte og fristar)
 - b. Forvaltning, rutinar og reglement for tilskot (framgangsmåte og fristar).
 - c. Vurdere ev. overgangsfase t.d. fleirårige kulturmiddlar
4. Politisk handsaming
Førebu sak til fellesnemnda.

Arbeidet er no gjennomført, og prosjektleiar sender med dette ferdigstilt rapport og tilleggsbestilling til DPO 3.1. - *Tilskotsordningar regionale organisasjonar og institusjonar*, til behandling i Fellesnemnda.

Prosjektleiar rår fellesnemnda sitt arbeidsutval til å gje slik tilråding:

1. Vestland fylkeskommune set av driftsmiddlar i budsjettet. Driftstilskot til institusjonar, lag og organisasjonar vert lagt inn som budsjettvedtak.
2. Søknadsfrist vert sett til 1. april kvart år og gjeld for påfølgjande budsjettår

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

1. Oppfølging av kritiske oppgåver identifisert i DPO 3.1 Kultur og idrett – kartlegging tilskotsforvaltinga
2. Samandrag - Oppfølging av kritiske oppgåver identifisert i DPO 3.1 Kultur og idrett – kartlegging tilskotsforvaltinga

SAKSFRAMSTILLING

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja:

Behov for vedtak på eins behandling av driftstilskot.

Historikk - tidlegare vedtak:

Hordaland fylkeskommune sin praksis for tildeling av driftstilskot til institusjonar, lag og organisasjonar vert tilrådd for nye Vestland fylkeskommune.

Sentrale problemstillingar:

Viser til vedlegg.

Andre opplysningar:

Viser til vedlegg.

3. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar: Ingen økonomiske konsekvensar ut over vanleg budsjettbehandling.

Rettslege konsekvensar: Ingen.

Personalpolitiske konsekvensar: Ingen.

Plankonsekvensar: Ingen.

Klima- og miljøkonsekvensar: Ingen.

HMT: Ingen.

Andre konsekvensar: integrering, mangfold, likestilling, universell utforming eller liknande: Ingen.

4. Konklusjon

Som tilrådd vedtak.